

Årsmøte Manger Ungdomslag

Saksliste 18.03.19

- 1. Val av ordstyrar og referent*
- 2. Val av 2 personar til å skrive under møtebok*
- 3. Godkjenning av innkalling og saksliste*
- 4. Årsmelding*
- 5. Rekneskap*
- 6. Medlemskontingent*
- 7. Budsjett (Utleieprisar og godtgjersele)*
- 8. Innkomne saker*
- 9. Val*

MANGER UNGDOMSLAGS ÅRSMELDING FOR 2018

Styret for 2018 som vart valt på årsmøte 19.03.18 har vore samansett slik:

Leiar: Eva Karin Klausen 1/1
Nestleiar: Raymond Stordal 2/2
Kasserar: Else Marie Nødtvedt 1/2
Styremedlem: Gjermund Lervik 2/2
Styremedlem: Jarle Sylta 1/2

Varamedlem: Aina P. Storheim 2/2
Varamedlem: Guro Halland 1/2
Varamedlem: Mari Bertelsen 2/2
Varamedlem: Kenneth Håland 1/2
Varamedlem: Frode Floen 1/2

Revisor: Laila Stordal og Bjørn Erik Klausen

Valnemnd: Miriam Frantzen og Ailin Kolstad Isdal

Styreaktivitet:

Det har vorte gjennomført to styremøte i år. (01.10 og 17.12)

Mykje av kommunikasjonen i styret går føre seg i ei eigen gruppe på Facebook, og behovet for å avvikla møter i Solvang er derfor mindre.

Vedlikehald og dugnad:

Det vart avvikla dugnad 24. og 26. April.

Det vart vaska og rydda inne, spylt og rydda ute. Det var ikkje vær til å måla «røykeskuret» og beisa terrassen slik me hadde tenkt. Terrassen vart beisa i løpet av sommaren men røykeskuret og kista mot vegen står framleis att umala.

Dusjen på HC toalettet har vorte erstatta med utslagsvask.

Det har vorte kjøpt inn og hengt opp nytt sceneteppe.

Det vart i oktober avdekka fuktskade i møte/lagerrommet i kjellaren slik at det måtte gjerast ein innsats der med vasking og tørking. Det har vorte montert ein omn som held fin temperatur og hindrar at det slår seg.

Det har vorte kjøpt enda ei varmpumpe som er plassert i salen. Dette har løyst problemet med at det var for kaldt i salen, og det er no ein jamn og fin varme i heile huset.

Arbeidet vidare med kjøkkenpåbygget er overlaten til Bygg- og Eigedom Vest. Daniel Ulvatn har tatt tak i saksgangen opp mot kommunen og skal hjelpa oss med dei ulike søknader som eventuelt må til. Saksbehandlar på kommunen verkar i følgje han positiv og Daniel vil snart få svar om me kan søka om dispensasjonar og byggeløyve i same prosess.

Aktivitet i huset:

Det har vorte skriven 48 (38) leigekontraktar og leigeinntektene landa totalt på Kr 107 789,- (Kr 99 379,-)

Det har vorte avvikla (6) Frisko-kveldar i 2018. Overskotet frå denne aktiviteten dette året er Kr 28 588,- (Kr 13 000,-)

Ailin Kolstad Isdal har vore leiar for Friskoen og gjer dette på ein framifrå god måte.

Seniordansarane leiger framleis Solvang til sine faste dansekveldar 3 gongar i månaden.

Radøy Høgre har også i år leigd Solvang som møteplass for sine gruppemøter.

Det vart ikkje avvikla basar i 2018 men eit lite lefseletteri rett før jul gav oss ca 21 000,- i overskot. Det vart seld lodd på Coop og Rema 1000 og trekning fann stad på juleavslutningsmøte for styret i Solvang 17.12. Lefsene vart levert av Aufera og loddkjøparar synest dette var ein fin kombinasjon, og følte på ein måte at dei støtta to gode saker ved å kjøpa lodd hjå oss.

Det vart ikkje avvikla LAN i 2018.

Medlemmer:

Me har klart å skaffa oss fleire medlemmer i 2018 takka væra innsats frå Laila Stordal. I 2018 har me fått inn kr 7900,- i medlemskontingent mot kr 1300,- i 2017

Me må verta enda betre på å verva nye medlemmer samt laga rutinar som gjer det lettare å halda på dei me allereie har.

Grasrot:

Grasrotandelen gjennom Norsk Tipping har gitt laget Kr 25 015,41 mot kr Kr 28 545,63 i 2017 og kr 31 145,87 i 2016.

Brev frå nabo:

25.04.18 fekk MUL ein skriftleg klage frå naboane Jannicke og Trond Stølan. Klagen dreidde seg om negative innverknader aktiviteten i Solvang har for naboane, samt ulike krav som dei meiner må til for å få redusert på problema.

Radøy Kommune og politiet har også mottatt brevet. Styreleiar har hatt god dialog med både kommunen og Vangberg om saka.

Fysiske tiltak som er gjort i forbindelse med dette er dørpumpe på hoveddør opppe, sperring av Max volum på lydanlegg og støymålingar. Klagar har fått skriftleg svar på klagen og det har ikkje skjedd noko meir i saka etter dette.

Økonomi:

Laget har dette året eit driftsoverskot på kr 78 950,02 mot Kr 93 704,38 i 2017.

Ved utgangen av året har laget Kr 466 013,34 på konto mot Kr 396 970,32 ved utgangen av 2017.

Sak nr 5. Rekneskap

Diverse inntekter 56 015,41 består av:

Grasrotandel: 25 015,41
Gåve frå SPV: 25 000,-
Kulturmidlar: 6 000,-

Utgifter huset Kr 32805,97 består av:

Varmepumpe
Brøyting
Dørpumpe
Maling
Hole VVS

Utgifter Inventar Kr 10 203,28 består av:

Panelovn nede
Juletre
Kaffemaskin
Sceneteppe
Discolys

Sak nr 6. Kontingent

Enkeltmedlemskap Kr 200,-
Familiemedlemskap Kr 300,-

Ansvarleg for ajourhold og oppfølging: Laila S. Stordal

Sak nr 7. Utleigeprisar og godtgjersle:

Leigeprisar:

1. Møte o.l med få inntil 15 personar, mand-torsd Kr 300,- inkl. lydanlegg. Nøkkel ut og inn samme dag. Leietaker vaskar ut sjølv.
2. Arrangement mand-torsd Kr 1000,- inkl. lydanlegg. Nøkkel ut og inn samme dag. Leietaker vaskar ut sjølv. (For eksempel klassekveld, kurs o.l)
3. Arrangement fre-lør Kr 2500,- Nøkkel ut fredag 12.00 og inn lørdag 12.00. Leieprisen er inkludert utvask.
4. Arrangement lør-søn Kr 2500,- Nøkkel ut lørdag 12.00 og inn søndag 15.00. Leieprisen er inkludert utvask.
5. Arrangement fre-søn Kr 4000,- Nøkkel ut fredag 12.00 og inn søndag 15.00. Leieprisen er inkludert utvask. (For eksempel bryllaup)
6. *Huset kan ved ledig kapasitet i vekedagane leigast til barnebursdagar for Kr 500,-. Då må leigetakar vaska ut sjølv.*

ANNA UTLEIGE:

Lydanlegg: Kr 500,-
Kvite dukar: 100,-
Stoltrekk med sløyfer: Kr 30,-

EKSTERN UTLEIGE:

Bord inkl. 6 stolar: Kr 150,-
Firkanta/runde bord: Kr 100,-
Stolar: Kr 15,-

Godtgjersle:

Reinhaldar: Kr 300,- pr.time
Utleigeansvarlig: 10 % av utleige.

Sak nr 9. Val:

Styret 2018:	Periode/År		Valnemndas forslag til kandidat for 2019:	Periode/år
Leiar: Eva Karin Klausen	1	På val	Eva Karin Klausen	1
Nestleiar: Raymond Stordal	2/2	På val	Raymond Stordal	2
Kasserar: Else Marie Nødtvedt	1/2	Ikkje på val	Else Marie har 1 år att av perioden	
Styremedlem: Gjermund Lervik	2/2	På val	Gjermund Lervik	2
Styremedlem: Jarle Sylta	1/2	Ikkje på val	Jarle Sylta har eit år att av perioden	2
Varamedlem: Aina P. Storheim	2/2	På val	Aina P. Storheim	2
Varamedlem: Bjarte Morken	1/2	Ikkje på val	Guro Halland har eit år att av perioden	2
Varamedlem: Mari Bertelsen	2/2	På val	Mari Bertelsen	2
Varamedlem: Kenneth Håland	1/2	Ikkje på val	Kenneth Håland har eit år att av perioden	2
Varamedlem: Frode Floen	1/2	Ikkje på val	Frode Floen har eit år att av perioden	2
Revisorar 2018:				
Laila Ståløy Stordal	1	På val	Laila Ståløy Stordal	1
Bjørn Erik Klausen	1	På val	Bjørn Erik Klausen	1
Valnemnd 2018:				
Miriam Frantzen	1	På val	Miriam Frantzen	1
Ailin Kolstad Isdal	1	På val	Ailin Kolstad Isdal	1
Basarleiar 2018: Karen Magrete Lervik	1	På val	Ikkje valgt ny.	1
Friskoleiar 2018: Ailin Kolstad Isdal	1	På val	Ailin Kolstad Isdal	1